



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Rådhuset
6390 Vestnes

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
PLAN- 20/00307-32	08.06.2022	72027/2022/REGULERINGSPLAN/1539	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	07.07.2022

Vestnes (Rauma) kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Salmar Genetics AS - Vågstranda gbnr 193/7, 26, 43 og 194/7, 20 - fråsegn ved 2. gongs offentleg ettersyn - motsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Innleiing

Saka gjeld 2. gongs offentleg ettersyn. Vi hadde ved 1. gongs offentleg ettersyn motsegn til planforslaget ut frå friluftinteressene, jamfør gjeldande kommuneplan og tidlegare registreringar av friluftinteressar, samt manglar i planomtalen. Motsegna var heimla i plan- og bygningslova § 4-2, og i rikspolitiske retningslinjer om barn og unge i planlegginga, særskilt punkta 4a og 5d, jamfør også pbl § 1-1, siste ledd.

Vi bad om at rekkefølgekrev knytt til kryssutbetring blei formulert meir eintydig og gjorde samstundes kommunen merksam på at utbetringstiltak i krysset mot fylkesveg kunne krevje gjennomføringsavtale. Vi bad og om at kommunen tok kontakt med vår fagsaksbehandlar for å avklare dette. Vi føreset at dette er avklart før planforslaget blir eigengodkjent.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg vurdering

Varsel om oppstart

Ved varsel om oppstart opplyste vi om at delar av planområdet var registrert som friluftsområde med lokal bruksverdi, og at dei lokale friluftinteressene må bli

omhandla i ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Vidare gav vi innspel om at friluftsiinteressene må bli sikra mot eventuelle negative verknader, gjennom avbøtande tiltak.

Offentleg ettersyn (1. gong)

Ved 1. gongs offentleg ettersyn avdekka vi med ei ovarlagsanalyse at planforslaget var i strid med friområdet FR i overordna plan. Vi vurderte sikring av friluftsiinteressene kunne være eit spørsmål om friområdet FR i det heile tatt kunne bli endra. Dette ville i tilfelle bety ein vesentleg reduksjon av handlingsrommet mot vest.

Vi peika på at friområdet ligg som ei stripe mellom bustadområde og sjøen, og at intensjonen med friområde/badeområde både kunne være for bustadene og for heile bygda. Ut frå flyfoto vurderte vi arealet å være eigna for bading, sjølv utan særskilt tilrettelegging. Vi viste til det som vi oppfatta som grei tilkomst, både frå bustadområdet og frå naustrekka i vest.

Vi gjorde ei enkelt analyse og delte strandsone/friområde etter nærliggande funksjonar, med følgjande inndeling frå vest til aust; 10 meter strandsone framfor naust, 20 meter strandsone framfor bustad, 20 meter strandsone framfor bustadhage, og 60 meter open strandlinje mellom bustadhage og byggeområde A1.

Ved 1. gongs offentleg ettersyn blei den delen av friområdet som omfatta den 60 meter lange opne strandsona foreslått redusert med om lag 25 meter. Dette var og den delen av friområdet som ikkje var privatisert. Vi vurderte reduksjonen å medføre ein vesentleg reduksjonen av kvaliteten og bruksverdien til friområdet.

Sidan friområde låg nær bustader vurderte vi reduksjonen også å være av vesentleg betyding for bukvalitet, særskilt for barn og unge. Vi viste derfor til føremålsparagrafen i plan- og bygningslova, § 1-1, siste ledd, og Rikspolitiske retningslinjer om barn og unge i planlegginga, punkta 4a og 5b.

Offentleg ettersyn (2. gong)

Areal som er tilrettelagt for, i bruk av, eller eigna for barn og unge, og som blir omdisponert, skal erstattast av areal med tilsvarande kvalitet, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 1-1, siste ledd og Rikspolitiske retningslinjer om barn og planlegging (RPR) punkt 5 d).

I planomtalen ved 2. gongs offentleg ettersyn vurderer kommunen i punkt 8.8 (s. 55) at erstatningsareal i denne samanhengen ikkje vil være relevant. Kommunen vurderer samstundes at det vil være betre å legge betre til rette for bruk av friområdet, enn å leite etter nye areal. I tillegg viser kommunen til at å finne erstatningsareal er ei meir naturleg oppgåve for arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Vi vurderer argumentasjonen å være til dels motstridande.

Dersom erstatningsareal ikkje er relevant ved regulering, så vil det heller ikkje være relevant å fastsette avbøtande tiltak, eller at ein i plandokumenta viser til at erstatningsareal skal bli lokalisert gjennom arbeidet med kommuneplanen. Vi vurderer dei reviderte plandokumenta (planomtalen) å kvittere ut kravet om erstatningsareal, jf. Rikspolitiske retningslinjer om barn og planlegging (RPR) punkt 5 d), på ein litt uryddig måte.

Dersom det på ei anna side føreligg krav om erstatningsareal, men at ein ikkje ser at ein vil kunne løyse dette på reguleringsnivå, så vil grunnlaget for å omdisponere friområdet gjennom reguleringsplanarbeidet felle vekk.

Slik vi tolkar plandokumenta så aksepterer kommunen at planforslaget vil medføre krav om erstatningsareal. Vi viser her til kommunens vurdering i ROS-analysen, jf. punkt 67, at planforslaget vil medføre inngrep i og omdisponering av friområdet. Vi viser og til kommunens vurdering av planforslagets verknader i planomtalen, jf. punkt 8.8, kor friområdet er omtalt å bli redusert (omdisponert som følge av planforslaget).

Dersom friområdet skal bli omdisponert så må i tilfelle reguleringsplanen fastsette kvar erstatningsarealet skal være lokalisert, og sikre etablering gjennom rekkefølgeforsegna. I tilfelle dette ikkje er ønskjeleg så kan den delen av byggeområdet som omfattar omdisponering av friområde alternativt bli teke ut av planforslaget.

Konklusjon

Vi opprettheld **motsegna** til planforslaget inntil erstatningsareal enten er lokalisert og sikra gjennom reguleringsplansprosessen, eller at planforslaget tar ut den delen av byggeområdet som i planforslaget omfattar omdisponering av friområdet.

Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 4-2, og i rikspolitiske retningslinjer om barn og unge i planlegginga, særskilt punkta 4a og 5d, jamfør også pbl § 1-1, siste ledd.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
Overarkitekt

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen